



Gjestar som blir?

Arbeidsinnvandring som utfordring for kommunar på Vestlandet

Guests Who Stay?

The Challenge of Work Migration to Municipalities in Western Norway

Finn Ove Båtevik

Professor, Høgskulen i Volda / Møreforskning

fob@hivolda.no

Brita Gjerstad

Seniorforsker, NORCE Norwegian Research Centre, Stavanger

brgi@norceresearch.no

Gro Marit Grimsrud

Forsker II, NORCE Norwegian Research Centre, Bergen

grgr@norceresearch.no

Øystein Lund Johannessen

Førsteamanuensis II, VID Vitenskapelige Høgskole – Misjonshøgskolen / Senter for interkulturell kommunikasjon

oystein.l.johannessen@sik.no

Grete Netteland

Professor, Høgskulen på Vestlandet – Campus Sogndal

Grete.Netteland@hvl.no

Svein Ingve Nødland

Seniorforsker, NORCE Norwegian Research Centre, Stavanger

svno@norceresearch.no

Lin Prøitz

Førsteamanuensis, Avdeling for økonomi, språk og samfunnsfag, Høgskolen i Østfold / Vestlandsforskning

lin.proitz@hiof.no

Geir Skeie

Professor, Universitetet i Stavanger, Institutt for kultur- og språkvitenskap

geir.skeie@uis.no

Gunn Vedøy

Førsteamanuensis, NLA Høgskolen

gunved@nla.no

Samandrag

Artikkelen tar utgangspunkt i ei undersøking om arbeidsinnvandring til dei fire vestlandsfylka og om dette leier til behov for å utvikle eigne lokale politikkar for velferdstenester. Materiale er statistikk for regionen, dokument og nettsider, og intervju med tenesteytarar, arbeidsinnvandrarar og arbeidsgivararar i fylkeskommunane og åtte kommunar. Hovudfokus i artikkelen er kva politikk som kjem fram gjennom praksis. Funna viser at det er lagt liten vekt på arbeidsinnvandrarane sine særskilte behov, at tenestetilbodet vektlegg det som er nødvendig der og då, og at det manglar tenesteutvikling for det framtidige og langsiktige. I artikkelen blir denne lokale politikken omtala som «reakтив pluralisme» og det vert hevdat at situasjonen kunne bli betre viss arbeidsinnvandrarane blei tatt meir på alvor som medborgarar og ved at kommunane la til rette for dei som om dei skulle bli verande i lengre tid.

Nøkkelord

velferd, busetting, integrasjon, tenesteyting, informasjon

Abstract

This article addresses questions about local policies towards economic migrants in Western Norway. It refers to statistical data mapping the population of economic migrants over time, but the emphasis is on an analysis of documents and web pages together with interviews with civil servants, economic migrants, civil sector representatives and employers from four counties and eight municipalities. The article seeks to identify policies which can be detected from the local offer of welfare services. These policies are discussed, drawing mainly on Alexander's (2003) theory concerning local policies for economic migration. The dilemma for local authorities is that they do not know the length of time for which the economic migrants will settle. Findings are that public services at all levels show limited interest in the specific needs of economic migrants, that there is a focus on immediate needs, and the absence of a longer view. It is suggested that these policies should be termed 'reactive pluralism'. The discussion includes the view that the entire situation would improve considerably if economic migrants were given more support and targeted more directly as a group. This could be done through applying local, pluralistic and citizenship-based welfare policies in which economic migrants are approached as if they planned to stay.

Keywords

welfare, housing, integration, service provision, information

Innleiing

Etter at land som Polen og Litauen vart med i EU, har det kome meir enn 200.000 europearar for å arbeide i Noreg (Østby, 2016, 2017). Arbeidsinnvandringa har såleis vorte eit viktig innslag i den totale innvandringa til landet, og set preg på mange kommunar og lokalsamfunn. Likevel har vi avgrensa kunnskap om arbeidsinnvandringa etter utvidingar av EU i 2004 og 2007 særleg til mindre sentrale delar av landet, som vestlandsfylka. Frå å ha vore dominert av empiri frå det sentrale Austlandet, har forskinga etter kvart fått eit breiare distriktperspektiv (Rye & Holm, 2013; Stambøl, 2013; Søholt, 2016), inkludert studiar frå Nord-Noreg og Vestlandet (Aure, Førde & Magnussen, 2018; Friberg & Midtbøen, 2018; Søholt, Aasland, Onsager & Vestby 2012). Også internasjonalt har arbeidsinnvandring til område utanfor dei store metropolane vorte tematisert, både i Europa (Bayona-i-Carrasco & Gil-Alonso, 2013; Fonseca 2008; Hugo & Morén-Alegret, 2008) og i USA (McAreavey, 2017; McAreavey & Argent, 2018). Det blir vektlagt at slik migrasjon ikkje berre er eit spørsmål om statistikk, men også om sosial endring i dei samfunna det gjeld (Zúñiga & Hernández-León, 2005). Dette inneber ein kompleks dynamikk både sosialt og geografisk og vil kunne resultere i at samspelet mellom migrantar og lokalsamfunn set i gang endringsprosessar på ulike nivå. Opplevinga av integrering i eit lokalsamfunn vil variere, avhengig av om ein ser det frå ståstad til den lokale eliten eller arbeidsinnvandrarane sjølv (Berg-Nordlie, 2018; Rye, 2018). Slike sosiale endringsprosessar kan såleis studerast med ulike innfallsvinklar. I denne artikkelen ser vi nærmare på korleis lokale og regionale styresmakter på Vestlandet har møtt endringane som følgjer den sterke arbeidsinnvandringa landsdelen har opplevd. Tradisjonelt har forskinga om arbeidsinnvandring handla mest om forhold på arbeidsmarknaden og mindre om integrering (Friberg, Dølvik & Eldring, 2013) og vore prega av oppfatninga om

at arbeidsinnvandring har ein meir mellombels karakter enn anna innvandring (Engbersen & Snel, 2013; Favell 2008).

Innan EØS-området er det lett å reise over landegrenser og ta seg arbeid. Arbeidsinnvandrane frå EØS-området er ikkje omfatta av den norske introduksjonslova (2003). Dei har heller ikkje rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap (Thorshaug, Valenta & Berg, 2009). Den nyaste stortingsmeldinga om integreringspolitikk (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016) har flyktningar som primærfokus. Den nemner likevel to område som gjeld arbeidsinnvandrarar, nemleg informasjon om rettar og plikter, samt (nettbasert) opplæring og språktrening. Politikken overfor arbeidsinnvandrarar frå EØS-området er såleis i hovudsak framleis relatert til arbeidsmarknadspolitikken slik den er formulert i Stortingsmelding nr. 18 (2007–2008) *Arbeidsinnvandring* (Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 2008), sjølv om meldinga også peikar på nokre få integreringsretta tiltak og har nokre generelle formuleringar om behov for tilpassa integreringspolitikk for arbeidsinnvandrarar. Nokre av dei arbeidsmarknadspolitiske tiltaka som er retta mot innvandrarar generelt vil kunne ha effekt også på integreringa av EØS-arbeidsinnvandrarar. Eit døme er forskrifter om allmenngjering, der ein i politikken vil motverke sosial dumping og verne utanlandske arbeidstakarar (Bjørnstad, 2015). Den direkte integreringsretta politikken er det i hovudsak opp til kommunane å setje i verk og det er den vi har studert på kommune- og fylkesnivå.

Mange arbeidsinnvandrarar blir buande i landet trass i svingingar på arbeidsmarknaden. Heile 67 prosent av arbeidsinnvandrararane som kom til Noreg i perioden 2005–09 budde til dømes framleis i landet ved inngangen til 2015 (Østby, 2016). Planar om opphald og reell butid endrar seg over tid, og butida kan ofte bli meir langvarig enn opphavleg tenkt (Castles, de Haas & Miller, 2014; Friberg, 2012; Båtevik, Gjerstad, Grimsrud, Johannessen, Netteland, Nødland, Prøitz, Skeie & Vedøy, 2017). Omfanget av slik innvandring blir gjerne også prega av sjølvforsterkande flytteprosessar (Eldring & Friberg, 2013) der familiegjenforeining og styrka sosiale nettverk reduserer personlege, sosiale og kulturelle omkostningar knytt til migrasjonen (Bodvarsson, Simpson & Sapber, 2015; Castles mfl., 2014).

Den norske velferdsstaten har lenge lagt vekt på integrasjon av innvandrarar ved å gi «lik tilgang på rettigheter i kombinasjon med retten til å velge å beholde sin opprinnelige kultur eller identitet» (Brochmann 2006, s. 42). Eit døme på dette er at arbeidsinnvandrarar frå 1994 på line med flyktningar hadde eit omfattande norskopplæringstilbod som er fullfinansiert frå statleg hand. Med innføringa av introduksjonslova i 2003) vart denne praksisen endra (Norberg & Lyngsnes, 2008). Thorshaug og Valenta (2011) viser at medan busetjingssarbeid og integrering av flyktningar er i fokus, har indirekte kvoteringstiltak for innvandrarar på arbeidsmarknaden vore underutvikla samstundes som arbeidsinnvandrarar har vore ekskluderte frå dei viktigaste integreringstiltaka (Jensen & Orupabo, 2010; Thorshaug, Valenta & Berg, 2009; Valenta & Strabac, 2011). Ikkje ein gong arbeidsinnvandrarar frå EU/EØS-land som skal søkje om varig opphaldsrett, treng å dokumentere norskunnskapar.

Det er såleis forskjellar i rettar og pliktar både mellom flyktningar og arbeidsinnvandrarar og mellom arbeidsinnvandrarar frå ulike opphavsland. Sidan implementeringsansvaret for integreringspolitikken retta mot arbeidsinnvandrarar i stor grad ligg hos kommunane, er det nærliggande å tenkje at denne politikken kan variere mellom kommunane og at dette manifesterer seg ulikt for dei ulike tenestene kommunane har ansvar for. Korleis arbeidsinnvandrarane og familiene deira har blitt møtt av vertskommune og lokalsamfunn, kan såleis ha vore avgjerande for integreringa av denne innvandrargruppa. Møtet kan minna om tilhøvet mellom vertskap og gjestar, der det er ei forventning om at gjestane etter kvart reiser igjen. Arbeidsinnvandrarane kan verte døme på «gjestar som blir».

Med utgangspunkt i ei overordna problemstilling om integrering av arbeidsinnvandrarar

er vårt forskingsspørsmål: *Kva kjenneteiknar politikk og praksis hos kommunar på Vestlandet i møte med arbeidsinnvandrarar og familiane deira?* Det handlar om korleis kommunane har møtt integreringsutfordringane arbeidsinnvandringa har gitt mange lokalsamfunn. Spørsmåla er mellom anna kvifor og korleis nokre av kommunane har ei meir aktiv vertrsrole overfor nykomne arbeidsinnvandrarar enn andre. For å svare på dette har vi nytta Michael Alexander (2003) si kategorisering av ulike typar politikk.

Teoretiske perspektiv

Lokal politikkutforming og praksis er, noko forenkla sagt, påverka av tre forhold. For det første er nasjonal politikk viktig – slik den til dømes er formulert på eit overordna nivå gjennom Melding til Stortinget nr. 30 (2015–16) (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016) og Stortingsmelding nr. 18 (2007–2008) (Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 2008), samt i politiske føringar for ulike sektorar. For det andre må føringane tolkast og bli omsett til praksis av tilsette, både på politisk nivå og i dei ulike tenestene i kommunane. Ein tredje faktor som påverkar politikkutforminga, er dei oppfatningar som aktørane har om kvarandre. Arbeidsinnvandrarane er EU/EØS-borgarar som skal fungere som nasjonale medborgarar, ikkje basert på statsborgarskap, men på rettar, deltaking og politisk kultur (Rogstad, 2007). Samstundes er denne gruppa på ulike måtar annleis enn majoritetsbefolkinga. Slik blir dei også «framande», og kommunen får i større grad rolla som «vertskap».

Forståing av arbeidsinnvandrarar som framande og gjestar, byggjer på teori som går langt tilbake i samfunnsvitskapen. Det blir då peika på at «den framande» er ein som kjem i dag og blir verande ei stund, men er potensielt på veg vidare (Merz-Benz & Wagner, 2002). Ein kvar tilflyttar er ein potensiell vidareflyttar. Mobilitet har både ein geografisk dimensjon og ein tidsdimensjon. Hos «dei fastbuande» kan vi derfor vente ei form for ambivalens til den framande både med omsyn til kva kategori vedkomande skal plasserast i og kva haldning ein skal ha meir generelt (Bauman, 1991). Som følgje av denne ambivalansen kan den framande ha skiftande roller (Kofoed & Simonsen, 2011). I kva grad arbeidsinnvandraren blir oppfatta og møtt som framand eller blir ein meir integrert del av fellesskapet, avheng av møter i kvar-dagen med medborgarar og tenesteytarar og av kva for politikk som blir gjort gjeldande for denne gruppa. Ulike oppfatningar om relasjonen mellom vert og gjest har gjeve grunnlag for å kategorisere ulike typar politikk, slik det er gjort av Alexander (2003):

Tabell 1: Ulike politikk-kategoriar (etter Alexander, 2003)

Ikkje-politikk	Verten manglar ein politikk for arbeidsinnvandrarar. Dette kan forekome der arbeidsinnvandringa er lita og sesongbasert eller der innvandringa er heilt ny.
Gjestepolitikk	Ei oppfatning av arbeidsinnvandrarar som mellombels til stades og annleis enn majoritetsbefolkinga. Det inneber visse tiltak frå den som innehavar vertrsrolla, som skal gjere livet som arbeidsinnvandrar enklare, men helst i eigne miljø. Sjølv om det ikkje er vanleg som offisiell politikk, kan det fort resultera i mellombelse løysningar.
Assimilasjonspolitikk	Verten har eit meir langsiktig perspektiv der tanken er at det som er annleis på gruppennivå, etterkvar skal forsvinne. Slik politikk er sjeldan eit erklaert mål, men i praksis forventar ein gjerne at arbeidsinnvandrarane blir som andre og på sikt ikkje utgjer ei eiga gruppe. Dei blir «som oss».
Pluralistisk politikk	Eit langsiktig perspektiv som inneber at verten har aksept for ulike grupper med sær preg og legitimate interesser. Denne politikken vil vi ofta finna dersom vi spor politikarar og andre som tilbyr velferdstenester fordi den svarer til det som blir kalla integreringspolitikk. Her reknar ein med eller ynskjer at arbeidsinnvandrarane skal bli, at dei har eigne behov, sær preg og interesser og at dette er noko politikken kan leggje til rette for.

Medan den første kategorien indikerer ein fråverande vert og den andre ein noko meir aktiv, representerer dei to siste kategoriene eit syn på arbeidsinnvandraren som medborgarar, som fullverdig medlem av samfunnet. Det står i kontrast til eit gjesteperspektiv.

Metode og materiale

Den kvantitative delen av studien er basert på ei spørjeundersøking, allment tilgjengelege kjelder, publiserte data og tal bestilt frå SSB. Registerdata frå Statistisk Sentralbyrå er brukt for å vise omfang og mønster i arbeidsinnvandringa. Her blir det lagt vekt på å fange opp både arbeidsinnvandringa og tilhøyrande familieinnvandring (jf. drøfting i Båtevik mfl. 2017, 36–38). Sesong- og gjestearbeidarar er ikkje med i dette materialet, i og med at desse ikkje er registrert som busette i Noreg. Den kvalitative delen omfattar for det første analyse av planar, strategiar og informasjonsarbeid. Dokument og nettsider frå fire fylkeskommunar og fire kommunar utgjer viktige kjelder, i tillegg kjem 64 intervju med kommunalt og fylkeskommunalt tilsette og arbeidsinnvandralar i dei same kommunane og fylkeskommunane. For det andre har vi utforska møtet mellom kommunal forvaltning og arbeidsinnvandralar knytt til tenesteyting, med hovudvekt på områda helse, bustad og oppvekst, gjennom 91 intervju med arbeidsinnvandralar, arbeidsgivarar og kommunalt tilsette i åtte kommunar.

Kommunane vi undersøkte kvalitativt, vart valde ut basert på ei eiga kartlegging av det arbeidet kommunane gjorde på arbeidsinnvandringsfeltet. I alt 85 av 121 kommunar på Vestlandet deltok i kartlegginga (Båtevik, Grimsrud & Netteland, 2014). Frå kvart av Vestlandsfylka vart to kommunar valde ut for nærmere studium. Både store, mellomstore og små kommunar er representert i dette utvalet, og alle hadde eit relativt stort innslag av arbeidsinnvandralar. Leiinga var opptekne av det potensialet som låg i arbeidsinnvandringa og hadde lagt til rette digital informasjon for innvandralar generelt og/eller for arbeidsinnvandralar spesielt. Utvalet utgjer slik det som Denscombe (2010, 186–87) omtalar som «ekstreme» kasus. I dette ligg det at ein i staden for å sjå etter det typiske, ser etter det som skil seg ut. Det er ein måte å løfte fram det som i mindre grad ville vere synleg i eit representativt utval kommunar. Denscombe understrekar at slike utval også gir potensiale for generalisering, mellom anna fordi dei viser utviklingstrekk som andre kan kome til å følgje seinare.

I drøftinga av funna ser vi både på politikkutforminga i form av planar og strategiar, korleis desse er presentert på nettsidene, samt den praktiske tenesteytinga overfor arbeidsinnvandralar. Vi har brukt Alexander's (2003) kategoriar og perspektiv til å få fram likskapar og skilnader i politikk og praksis. Derfor har vi ikkje gått i djupna på dei ulike tenestene, men har famna breitt både med omsyn til tenester og informantar.

Arbeidsinnvandring til Vestlandet

Arbeidsinnvandringa til Noreg var omfattande i perioden frå 2006 til og med 2015 (Statistisk sentralbyrå, 2017). Ikkje minst Vestlandet hadde eit stort behov for arbeidskraft i perioden. Endringane på tilbodssida gjennom utvidinga av EU austover var etter alt å døme også ei vesentleg drivkraft bak denne utviklinga. Denne arbeidsinnvandringa og tilhøyrande familieinnvandring har gjeve eit monaleg tilskot til befolkninga og sysselsettinga i fleire regionar og næringar i landsdelen. Rett nok er det vanskeleg å talfeste kor mange innbyggjarar busette på Vestlandet som har kome til landsdelen som følgje av arbeidsinnvandring (Båtevik mfl., 2017). Personar med nordisk bakgrunn er til dømes ikkje registrert etter innvandringsgrunn. Familiemedlemmar som kjem saman med arbeidsinnvandralar blir kategorisert som familieinnvandralar. Om vi ser på samla tal for innvandralar med bakgrunn frå dei nordiske landa samt dei seks viktigaste austeuropeiske og seks viktigaste vesteuropeiske

avsendarlanda av arbeidsinnvandrarar til Vestlandet, så utgjorde desse i underkant av 72.000 personar i 2013. Dette var litt meir enn halvparten av alle innvandrarar busette i landsdelen og 5,4 prosent av samla befolkning på Vestlandet dette året (*ibid.*).

Ei av drivkreftene bak arbeidsinnvandring er underskot på arbeidskraft i mottakarlandet. Næringer og regionar med stor vekst og/eller manglande lokal rekruttering blir gjerne i større grad enn andre prega av denne typen innvandring. Såleis har enkelte av arbeidsmarknadsregionane på Vestlandet omfattande arbeidsinnvandring, medan den er meir moderat for andre delar av landsdelen (Båtevik & Grimsrud, 2017). Generelt er innslaget av ufaglærte arbeidarar, handverkarar og industriarbeidarar høgt blant arbeidsinnvandrarane til Vestlandet. I så måte er hovudbiletet i samsvar med det som pregar arbeidsinnvandringa til Noreg elles (jf. til dømes Brox, 2005; Eldring & Friberg, 2013). I motsetnad til landet elles er likevel den vestlandske arbeidsinnvandringa karakterisert ved at det absolutte talet på akademikarar (litt i overkant av 6500) er nesten det same som talet på reinhaldarar, hjelpearbeidarar o.l. Relativt, derimot, er innslaget innvandrarar langt mindre blant akademikarar enn blant reinhaldarar, hjelpearbeidarar o.l. Kompetansearbeidskraft har hatt mykje å seie i mange av utkantområda på Vestlandet (Båtevik & Grimsrud, 2017). Det gjeld både for akademiske yrke, for faglærte handverkarar og for andre yrke som krev formell kompetanse. Slik sett handlar arbeidsinnvandringa til Vestlandet også om å fylle plassar på arbeidsmarknaden som elles har vore vanskelege å fylle i mange periferisamfunn. Det bør nemnast at ulike sesongarbeidarar og andre gjestearbeidarar ikkje inngår i statistikken for arbeidsinnvandring. Eit døme på dette er sesongarbeidarar i jordbruket, som vi ikkje har gått inn på i denne artikkelen (Rye & Holm, 2013). Austeuropearane er i klart fleirtal blant arbeidsinnvandrarane busette i landsdelen, men langt frå åleine (jf. Båtevik mfl., 2017, s. 36).

Alt tyder på at arbeidsinnvandringa har sett varige spor i mange lokalsamfunn og i landsdelen sett under eitt og utfordrar politikken med omsyn til arbeidsinnvandrarfamiliane.

Kommunale og fylkeskommunale planar, strategiar og informasjon

Vi har analysert mangfaldsdimensjonen i kommunale og fylkeskommunale planar, strategiar og i konkrete tiltak som informasjonsarbeid og norskopplæring for vaksne. Særleg har vi leita etter i kva grad kommunar og fylkeskommunar ser på arbeidsinnvandrarar som ei gruppe med særskilte behov. Dette vil nemleg kunne fortelje om tilhøvet mellom majoritet og minoritet, og indirekte også i kva grad kommunane kan seiast å ha lagt ein ikkje-politikk, eit gjesteperspektiv eller eit medborgarperspektiv til grunn (Alexander, 2003).

Felles for dei fire kommunane som vart spurt om strategiar og planar var at dei, med eitt unnatak, ikkje hadde gjort noko kartlegging av arbeidsinnvandrarane eller kva for informasjonsbehov dei hadde. Faktisk visste dei færreste kommunane kor mange arbeidsinnvandrarar som budde i kommunen. Ingen hadde involvert arbeidsinnvandrarane i overordna planarbeid eller i utviklinga av informasjons- og kommunikasjonsstrategiar, og berre ein kommune omtala arbeidsinnvandrarane i samband med denne typen strategiar. Eit gjenomgåande trekk var òg at informasjon om kommunen og lokalsamfunnet i liten grad var tilgjengeleg på eit språk arbeidsinnvandrarane kunne forstå. Slik sett var kommunane i stor grad prega av «ikkje-politikk»; nokre få nærma seg kanskje ein «gjestepolitikk». Fylka derimot, hadde informasjonsstrategiar som inkluderte kunnskap om «eit auka mangfald», men utan at mangfaldet speglar seg merkbart att i innhaldet. Heller ikkje her var arbeidsinnvandrarane involverte i strategiarbeidet. To fylke, Hordaland og Møre og Romsdal, utmerka seg likevel som pro-aktive. Dei hadde gått ut til arbeidsinnvandrarane med informasjon på andre språk enn norsk og etablert ordningar på overordna nivå for å leggje til rette for eit betre møte mellom offentlege tilsette og arbeidsinnvandrarar. Her finn vi kombinasjonar

av gjeste- og assimilasjonspolitikk. Også på sektornivå fann vi flere interessante initiativ og tiltak, men desse var skeivt fordelt mellom fylka. Både analoge og digitale informasjons- og kommunikasjonskanalar var i bruk på begge forvaltningsnivå, med den digitale som den klart dominerande. Teknologien, bruken av ulike datasystem og digitale søknadsskjema var ei ekstra utfordring for arbeidsinnvandrarane. Berre den minste kommunen i utvalet uttrykte ein tydeleg pluralistisk politikk ved å basere seg på direkte kontakt med arbeidsinnvandrarane som hovudstrategi for formidling og kontakt. Generelt opplevde småkommunane informasjonsformidlinga til arbeidsinnvandrarane som krevjande og kostbar. Særleg galdt dette vedlikehald av nettsider på fleire språk og utforming av tospråklege foldarar. Sist-nemnde såg vi berre i store kommunar og i nokre fylkeskommunar kor det var informasjonsansvarlege på overordna nivå. Her fann vi i større grad ei erkjenning av at målgruppa er mangfaldig, i motsetnad til i småkommunane der informasjon og informasjonsformidling i stor grad var eit sektoransvar. Det store biletet var at kommunane i liten grad hadde utvikla ein politikk basert på ei oppfatning av at arbeidsinnvandrarane var komne for å bli. Dette kjenneteikna i varierande grad også fylka Rogaland og Sogn og Fjordane. I Hordaland og Møre og Romsdal fann vi ein politikk og praksis som i større grad behandla arbeidsinnvandrarane som medborgarar.

Arbeidsinnvandrarane sjølve sakna meir lokal informasjon, anten det galdt ledige stillinger i området, bustad og bustadlån, opplæringstilbod eller tilgang til bank og Nav. Mange valde å ikkje ta norskkurs, trass i at slike eksisterte. Avgrensa norskkunnskap og mangelfulle opplæringstilbod i norsk gir særlege informasjonsutfordringar for kommunane og fylkeskommunane. Når den kommunale politikken for norskopplæring for arbeidsinnvandrar stort sett varierte mellom å vere ein ikkje-politikk og ein gjestepolitikk, kompenserer heller ikkje denne opplæringa for mangel på tilpassa informasjon. Informasjon handlar likevel om meir enn overordna strategiar og tiltak. Det handlar også om det som skjer i konkrete møte mellom tenestene og arbeidsinnvandrarane.

Møte mellom arbeidsinnvandrarar og kommunal tenesteyting

Mange av dei kommunale tenestene er lovpålagde tilbod, som grunnskule, medan andre er valfrie, slik som fastlege. Alle tenester er prega av eit universelt medborgarperspektiv i den forstand at alle som er busette i landet har rettar i tråd med lovverk og forskrifter. I praksis skjer det tilpassingar til brukaren og den konkrete situasjonen. Vi har sett på møte mellom arbeidsinnvandrarar og bustadtenester, barnehage, grunnskule, legetenesta og barnevernet og analysert kva slag politikk dette kunne vere uttrykk for.

Behandlinga av arbeidarar som er i landet for ein kort periode og som ikkje er busett, kan sjåast som døme på ikkje-politikk. Ifølge regelverket har desse ikkje rett på fastlege. Ved behov for legetenester må dei nøye seg med legevakta. Denne gir akutt hjelp og kan berre skrive ut sjukemelding i tre dagar. Dei står dermed i fare for å bli kasteballar og møtt med ad-hoc-løysingar i helsetenestesystemet.

Vi fann spor av gjestepolitikk i fleire tenester, til dømes i grunnskulen der det var kombinasjonar av gjestepolitikk og pluralistisk retta politikk. Skulen har eit langsiktig tidsperspektiv og alle kommunar har plikt til å ta imot barn av arbeidsinnvandrarar, likevel var det store variasjonar i måtar barn av arbeidsinnvandrarar vart mottekte på (Vedøy, Gjerstad, Johannessen & Nødland, 2017). Dette kan henge saman med at lite ressursar var sett av til særskilt norskopplæring, manglande kompetanse i norsk som andrespråk og språkbarrierar i skule–heim-samarbeidet. Vi fann at elevane ofte starta på skulen utan forvarsel etter at skuleåret hadde vart ei tid, og det kunne vere krevjande å planleggja. I dei mindre kommunane

og i kommunar med få fleirspråklege barn, verka mottakinga å vere ad-hoc-prega og mykje var overlate til den lokale skulen og klasselæraren. Både i store og mellomstore kommunar var det døme på at skulen på kort varsel kunne gi barna eit tilpassa opplegg med særskilt norskopplæring og tospråkleg fagopplæring sjølv om dei kom midt i skuleåret.

Element av gjestepolitikk dukka også opp i bustadpolitikken, men her var alle fire variantar av politikk representert. Kommunane såg gjerne bustadmarknaden som sjølvregulerande og at arbeidsinnvandraren sjølv ville ordne seg med bustad, noko dei også tidvis gjorde. Dette kan tolkast både som ikkje-politikk og assimilasjonspolitikk, avhengig av om kommunen såg det å finna bustad som eit problem. Somme stader såg både kommunalt tilsette og arbeidsgivarar at bustad kunne vere ei utfordring. I fleire kommunar gjorde bustadmangel at arbeidsinnvandrarar hadde vanskar med å komme inn både på eige- og leigemarknaden. Ei rekke informantar fortalte òg om arbeidsinnvandrarar som budde trøngt eller dårlig. Somme kommunar sette i verk tiltak, andre ikkje. Nokre arbeidsgivarar tilbaud bustadbrakker eller hjelpte med andre husvære. Det fanst òg døme på kommunar der politikken ikkje berre handla om å skaffe bustad, men om å arbeide aktivt for å få innvandrarar til å slå seg ned i kommunen gjennom tiltak som skulle skape trivsel og meistring, som kan karakteriserast som pluralistisk politikk. Ved mellom anna språkpraksisplassar, integrerings-tiltak for barn og arrangement relatert til heimlandet, ønskte kommunane å skape eit bu-miljø og «bulyst» blant arbeidsinnvandrarane.

Somme tenester bar sterkare preg av ein pluralistisk politikk enn andre, særleg barnehage- og jordmortenestene. Dette er frivillige tenester, noko som skapar rom for valfridom og dermed pluralisme. Kommunar er medvitne om barnehagens skuleførebuande rolle for fleirspråklege barn (Gjerstad, Johannessen, Nødland, Skeie & Vedøy, 2012; Johannessen, Odden, Rynyk & Steinnes, 2013). Barnehagane vi undersøkte var opptekne av å ha nær kontakt med både barn og foreldre med arbeidsinnvandrarkrav og freista å ha dagleg kontakt med foreldra i samband med levering og henting. Om naudsnyt kunne ein nytta Google translate eller andre teknologiar for omsetjing av informasjon frå norsk til engelsk eller heimlandspråket. Informantane fortalte til dømes at dei fleste polske foreldra sender borna til norsk barnehage etter fylte eitt år. Barnehagepersonell påpeika at det varierte i kva grad foreldre engasjerte seg i samarbeidet med barnehagen om barna. Ved å akseptera dette, praktiserer barnehagane ein pluralistisk politikk.

Jordmortilbod er også ei frivillig teneste med tydeleg vekt på trygge relasjonar. Praksis såg ut til å fungere i tråd med dette, sjølv om arbeidsinnvandrarkvinner hadde andre forventningar til tenesta enn det ho faktisk inneheldt, så som tettare medisinsk oppfylging. Tenesta var prega av eit sams mål om å gje barnet ein best mogleg start på livet. Personalelet tok seg ekstra tid på grunn av to-språkproblematikken, trass i at slike utvida tenester ikkje gav grunnlag for auka refusjonstakst. Dei merka seg, utan å problematisere det, at mange kvinner supplerte norske jordmortenester med oppfølging i heimlandet, t.d. gynekologi/ spesialist, ekstra ultralyd, medisinar og vitamin (Nødland, Vedøy & Gjerstad, 2016). Ved å opne for ulike tilpassingar, praktiserer jordmødrene ein pluralistisk politikk.

Nokre tenester var tydelegare prega av assimilatorisk politikk, slik som i fastlegetenesta, som såg ut til å fungera tilfredsstillande utan særskilte tilpassingar. Fastlegetenester vil vere noko som arbeidsinnvandrarar nyttar seg av med ujamne mellomrom. Rett nok kunne innvandrarar oppsøke helsetenester i heimlandet for raskare å verte behandla av legespesialist, men dette vart ikkje problematisert. Slik sett har politikken òg pluralistiske kjenneteikn, med opningar for individuelle tilpassingar.

Barnevern er noko dei fleste kjenner til frå omtale, men det er noko anna å møte dette i praksis. Kunnskapen om tenestene er gjerne mangelfull blant arbeidsinnvandrarar som

har sine erfaringar og kunnskapar frå eit annleis fungerande velferdssystem. Vi ser barnevernet som den sektoren der det var mest klåre trekk av assimileringspolitikk og som vart opplevd mest problematisk sett frå arbeidsinnvandrarsida. Med ansvar for å setje i verk tiltak mot omsorgssvikt og sosiale, emosjonelle og åtferdsmessige problem, om nødvendig mot foreldra sin vilje, er det ikkje uventa at dette inneber konfliktar andsynes haldningar og verdiar til dømes i det polske miljøet (*ibid.*). Tenesta bar preg av møtet med det framande. Blant arbeidsinnvandrarane gjekk det historier om barn som var blitt tatt frå foreldre utan grunn og om familiar som har måtta rømma frå landet for å unngå at barnevernet skulle ta barna (Gajewska, Gjerstad, Nødland, Vedøy & Zadowska, 2016). Tilsette i barnevernet hadde på si side inntrykk av at polske foreldre ikkje forstod kva slag institusjon barnevernet er, og at deira frykt for denne institusjonen var overdriven. Informasjonsmøte om barnevernet og heving av interkulturell kompetanse i tenesta er tiltak som vart nytta for å betre situasjonen.

Drøfting og konklusjon

Den nasjonale integreringspolitikken i stortingsmeldingar dreiar seg mest om flyktninger, og arbeid er her rekna som eit sentralt verkemiddel, mens arbeidsinnvandrarar langt på veg blir behandla som «integrerte» og ein ressurs for kommunane og næringslivet. Både i utkantkommunar og i meir sentrale kommunar på Vestlandet handlar arbeidsinnvandring primært om å sikre arbeidskraft; for dei små utkantkommunane handlar det òg om å styrke befolkningsgrunnlaget (Grimsrud & Båtevik, 2016). Likevel viser vår studie at det er manglande fokus på arbeidsinnvandrarar i kommunale og fylkeskommunale planar og strategiar.

Vi fann stor variasjon i den lokale praksisen på feltet, slik også tidlegare forsking har vist (Søholt, Tronstad & Vestby, 2015). Andre variasjonar mellom kommunane, blant anna når det gjeld forskjellar i økonomisk handlingsrom, blir forsterka av dette. Politikk og praksis med omsyn til arbeidsinnvandrarar og deira familiar varierer både mellom kommunar og tenesteområde. Dei endringsprosessar som kjem i gang med innvandringa er dynamiske og varierer mellom lokalsamfunna. Dette samsvarar med forskinga på innvandring til nye destinasjonar som vi viste til innleiingsvis (McAreavey & Argent, 2018). I enkelte kommunar blir arbeidsinnvandrarane primært sett på som gjestar, medan dei i andre kommunar blir meir oppfatta som medborgarar. Dette speglar ein politikk som er ei blanding av det Alexander (2003) kategoriserer som gjestepolitikk, assimilasjonspolitikk og pluralistisk politikk (jamfør tabell 1). Variasjonane kan forståast i lys av det tvetydige knytt til at tidshorisonten for opphaldet blir opplevd som uviss for både partane. Slik ser vi noko ambivalent, uvisst og ubestemt i eit system som gjerne søker enten–eller–definisjonar (Bauman, 1991). Velferds-politikk og institusjonell velferdspraksis vert normalt retta inn mot definerte målgrupper med veldefinerte behov. Resultatet er at arbeidsinnvandrarane og familiene deira lett kan falle utanfor.

For kommunane er det ei utfordring at arbeidsinnvandrarar som er på gjennomreise i utgangspunktet har same tenestebehov som dei som vert verande. Det gjeld til dømes barn og unge med behov for tilpassing, anten det gjeld språkopplæring eller sosial inkludering. På den andre sida, om ein kommune skulle føre ein langsiktig pluralistisk politikk der behova til arbeidsinnvandrarane blei definert som dei same som behova til dei fastbuande, kan ein risikere å bygge meir kapasitet i tenestene enn det var bruk for, til dømes fastlegetenester. Ein slik politikk ville vere vanskeleg å legitimere.

Når ein proaktiv politikk, med eit langsiktig perspektiv på arbeidsinnvandring er så godt som fråverande i dei åtte Vestlands-kommunane, må dette sjåast i lys av at kommunane ligg

i ein region som då denne studien var gjort hadde bak seg ein periode med stor arbeidsinnvandring. Dei utvalde kommunane hadde eit relativt stort innslag av arbeidsinnvandrarar, og leiinga i desse kommuneorganisasjonane gav uttrykk for at dei såg arbeidsinnvandringa som ein ressurs. Vår forventning var at dette var dei kommunane som skulle ha gjort mest for å utvikle arbeidsinnvandring som politikkområde. Metodisk har vi beskrive dette som val av «ekstreme» kasus. Det er derfor på grunnlag av våre funn rimeleg å tenke seg at arbeidsinnvandring i det store og heile er lite utvikla som politikkområde, både på Vestlandet og kanskje også i mange andre kommunar i landet.

Alexander (2003) sine politikk-kategoriar vert til dels definert på grunnlag av verten sine oppfatningar av gjesten sin tidshorisont. Dette er uavklart både for vert og gjest. Dermed tvingar det seg fram ein reaktiv politikk som kiler seg inn mellom gjestepolitikken og den meir langsiktige politikken. Alexander (*ibid.*) drøftar korleis ein over tid kan gå frå gjestepolitikk til ein pluralistisk politikk. I vårt materiale ser vi mogelege spor av dette i form av tiltak for å gi lettare tilgang til den ordinære bustadmarknaden, eller ved fleirspråkleg informasjon om korleis tenester fungerer og om kva rettar og plikter arbeidsinnvandrarane har. Å bevege politikken i retning pluralisme ville krevje meir fokus på at arbeidsinnvandrarane kan ha særskilte behov og at kommunane i større grad planlegg for langsiktige løysingar og har kompetanse og ressursar til å gjennomføre desse. I dag blir arbeidsinnvandrarar i stor grad likestilt med majoriteten når det gjeld tenestebehov, kunnskapar, språk med vidare. Tiltak direkte retta mot arbeidsinnvandrarar handlar i hovudsak om arbeidsmarknadspolitikk eller om særskilte tiltak når eit problem hadde blitt synleg. Så lenge føresetnaden er at arbeidsinnvandrarar skal klare seg sjølve, vert problema først oppdaga når «gjestane» ikkje klarer seg. Tenestene blir tilpassa så godt som mogeleg, men primært på improvisert basis.

Rett dimensjonering av verkemiddel og ressursbruk er krevjande for kommunar med mange arbeidsinnvandrarar med høg mobilitet. Ein pluralistisk politikk inneber aksept for at arbeidsinnvandrarar er gjestar, men også at arbeidsinnvandrarfamiliar får støtte til å ivareta trekk ved sin eigenart som del av eit mangfaldig lokalmiljø. Den vil også omfatte brubyggjande aktivitetar for å hindre segregering, som støtte til inkluderande internasjonale og tverrkulturelle tiltak. Erfaringar frå ein av kommunane i materialet vårt, viser at dette kan vere vanskeleg over tid, noko som kanskje tyder på ulike lokale «integreringsregimer» (Søholt mfl., 2012).

Vi vil derfor tale om ein type politikk, «reakтив pluralisme», som er bygd på ein positiv diskurs når det gjeld arbeidsinnvandrarane sitt bidrag til lokalsamfunnet (jf. Berg-Nordlie, 2018). «Pluralisme» viser til målet om å gi same tenester til arbeidsinnvandrarfamiliar som til andre, samstundes som dei vert respektert ut frå sin særskilte bakgrunn. At einskilde tenester kan ha assimilatoriske drag grunna lite ressursar, kulturforskjellar, mangel på informasjon og tilpassingar i møtet med arbeidsinnvandraren, endrar ikkje på velferdsstatens grunnleggande premiss om likeverd og behovsdekking i tenesteytinga. «Reaktiv» viser til at særskilte utfordringar knytt til språk, interesser, kultur, kunnskapar og anna, vert møtt med reaktive handlingar snarare enn proaktiv tilrettelegging. Dette er noko av kjernen i det dilemma som oppstår fordi arbeidsinnvandraren er ein gjest med uavklart tidshorisont for opphaldet. Reaktiv pluralisme treng ikkje utelukkande vere uttrykk for at kommunane ikkje strekk til i integreringsarbeidet. Det kan også vere uttrykk for ei fleksibel og improviserande haldning som kan fungere positivt. Då blir det naudsynt at ein får til meir erfaringsutveksling mellom etatar og kommunar om korleis tiltak fungerer og meir kommunikasjon med arbeidsinnvandrarane lokalt. Den reaktive pluralismen kan også sjåast som eit svar på den særegne kompleksiteten som kjenneteiknar innvandring til småsamfunn.

På denne bakrunnen kan vi spørje om det er fruktbart med ein sams integreringspolitikk

for alle, eller om det kan utviklast ein meir differensiert politikk for ulike typar innvandrare. Vi har ikkje svaret på kva ein slik del-politikk for arbeidsinnvandrarar inneber, men våre funn tyder på at det er store utfordringar og få døme på god praksis. Fordi arbeidsinnvandringa endrar seg er det uvisse om kor store behova vil vere for tenester framover. For kommunane er dette ekstra problematisk sidan det viser seg at arbeidsinnvandrarar treng tilrettelagde tenester. Då møter kommunane same type dilemma som finst i andre deler av velferdspolitikken, nemleg korleis balansere tilhøvet mellom universelle og tilpassa verkemiddel. Her vil utviklinga i Vestlands-kommunane kunne bli eit døme for andre.

Viss arbeidsinnvandrarane blir møtt som potensielt varige medborgarar, og ikkje som gjestar som ein ikkje veit kor lenge blir, kan vi unngå utstøytingsmekanismar. Dersom arbeidsinnvandrarane blir verande, vil kommunane etter alt å dømme komme lengst ved å tenke nytt og utvikle ein meir offensiv politikk ut frå den noverande reaktive strategien. Eit alternativ kan vere å involvere arbeidsinnvandrarane i utforminga av informasjonsstrategiar og å legge til rette tenestetilbod med siktet på at dei som kjem, vert mottatt *som om* dei skulle bli verande. Ein kan òg undersøkja meir aktivt kva slag tilpassingar som kan vere kloke å gjere for at universelle tenester skal bli tilpassa arbeidsinnvandrarar som mottakargruppe. Det krev at ein utviklar tenkemåtar i tenestene der det er beredskap for større mangfald og fleksibilitet og der ein lærer av dei som allereie får det til.

Litteratur

- Alexander, M. (2003). Local policies towards migrants as an expression of Host-Stranger relations: A proposed typology. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 29(3), 411–430. DOI: <https://doi.org/10.1080/13691830305610>.
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2008). *Arbeidsinnvandring*. St. meld. nr. 18 (2007–2008). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-18-2007-2008-/id507744/>.
- Aure, M., Förde, A. & Magnussen, T. (2018). Will migrant workers rescue rural regions? Challenges of creating stability through mobility. *Journal of Rural Studies*, 30, 52–59. DOI: <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.03.005>.
- Bauman, Z. (1991). *Modernity and ambivalence*. Ithaca, NY: Cornell University Press.
- Bayona-i-Carrasco, J. og Gil-Alonso, F. (2013). Is foreign immigration the solution to rural depopulation? The case of Catalonia (1996–2009). *Sociologia Ruralis*, 53(1), 26–51. DOI: <https://doi.org/10.1111/j.1467-9523.2012.00577.x>.
- Berg-Nordlie, M. (2018). New in town. Small-town media discourses on immigrants and immigration, *Journal of Rural Studies*, 64, 210–19. DOI: <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.05.007>
- Bjørnstad, R. (red.) (2015). *Virkninger av allmenngjøring av tariffavtaler*. Senter for Lønnsdannelse, rapport nr. 2. Oslo: Senter for lønnsdannelse.
- Bodvarsson, Ö.B., Simpson, N. B. & Sapber, C. (2015). Migration theory. I B. R. Chriswick, & P. W. Miller (red.). *Economics of International Migration*. 1A, 3–52. Amsterdam: Elsevier.
- Brochmann, G. (2006). *Hva er innvandring?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Brox, O. (2005). *Arbeidskraftimport. Velferdsstatens redning – eller undergang?* Oslo: Pax forlag.
- Båtevik, F.O., Gjerstad, B., Grimsrud, G. M., Johannessen, Ø. L., Netteland, G., Nødland, S.I., Prøitz, L., Skeie, G. & Vedøy, G. (2017). *Arbeidsinnvandrere som ressurs i regional utvikling*. Rapporter fra Universitetet i Stavanger nr. 62. Stavanger: Universitetet i Stavanger.
- Båtevik, F.O. & Grimsrud, G.M. (2017). Nye sentrum–periferi-mønster? Tilgang til kompetanse gjennom arbeidsinnvandring. I: Andersen, J. R., Bjørhusdal, E., Nesse, J. G. og Årehun, T. (red.). *Immateriell kapital. Fjordantologien*, 49–68. Oslo: Universitetsforlaget.

- Båtevik, F.O., Grimsrud, G.M & Netteland, G. (2014). *Nye innbyggjarar, nye utfordringar? Vestlandskommunane i møte med arbeidsinnvandrarane*. Rapport nr. 59/201. Volda: Møreforsking.
- Castles, S. de Haas, H. & Miller, M.J. (2014). *The age of migration – international population movements in the modern world*. 5. utg. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Denscombe, M. (2010). *Ground rules for social research. Guidelines for good practice*. 2. utg. Buckingham: Open University Press.
- Eldring, L. & Friberg, J. H. (2013). Europeisk arbeidsmobilitet: Utfordringer for de nordiske arbeidsmarkedene. *Søkelys på arbeidslivet*, 30(1–2), 22–39.
- Engbersen, G. & Snel, E. (2013). Liquid migration: Dynamic and fluid patterns of post-accession migration flows. I: B. Glorius, I. Grabowska-Lusinka & A. Kuvik (red.), *Mobility in Transition: Migration Patterns after EU-Enlargement*, 21–40. Amsterdam: Amsterdam University
- Favell, A. (2008). The new face of east–west migration in Europe. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 34(5), 701–16. DOI: <https://doi.org/10.1080/13691830802105947>.
- Fonseca, M. L. (2008). New waves of immigration to small towns and rural areas in Portugal. *Population, Space and Place*, 14, 525–535. DOI: <https://doi.org/10.1002/psp.514>.
- Friberg, J.H. (2012). The stages of migration. From going abroad to settling down: Post-accession Polish migrant workers in Norway. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 38(10), 1589–1605. DOI: <https://doi.org/10.1080/1369183X.2012.711055>.
- Friberg, J.H., Dølvik, J.E. & Eldring, L. (2013). *Arbeidsmigrasjon fra Øst- og Sentral Europa*. Temanotat, Velferd, arbeidsliv og migrasjon – VAM. Oslo: Norges Forskningsråd.
- Friberg, J. H. & Midtbøen, A. H. (2018). The making of immigrant niches in an affluent welfare state. *International Migration Review*, 1–24. DOI: <https://doi.org/10.1177/0197918318765168>
- Gajewska, M., Gjerstad, B., Nødland, S.I., Vedøy, G. & Zadkowska, M. (2016). Strange heaven – the social implications of Nikola's case, *Miscellanea Anthropologica et Sociologica*, 2016, 17(3), 51–69.
- Gjerstad, B., Johannessen, Ø.L., Nødland, S.I., Skeie, G. & Vedøy, G. (2012). *Regional integreringspolitikk og praksis. Kunnskapsstatus og utviklingsmuligheter. Rogaland som case*. Stavanger: SIK-rapport 2012:2.
- Grimsrud, G. M. & Båtevik, F. O. (2016). Velkommen til bygda? Tilflyttingsarbeidets tvetydighet. I: M. Villa og M.S. Haugen (red.). *Lokalsamfunn*. 283–302. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Hugo, G. og Morén-Alegret, R. (2008). International migration to non-metropolitan areas of high income countries: editorial introduction. *Population, Space and Place* 14(6), 473–477. DOI: <https://doi.org/10.1002/psp.515>.
- Introduksjonslova (2003). Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80> [Nedlasta 16.10.2019].
- Jensen, S. R. & Orupabo, J. (2010). *Evaluering av forsøket med moderat kvotering av personer med innvandrerbakgrunn*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Johannessen, Ø.L. Odden, G., Rynyk, O. & Steinnes, A. (2013). *Afghans and early childhood education. A pilot study*. Stavanger: SIK report 2013:2.
- Justis- og beredskapsdepartementet (2016). *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*. Meld. St. 30 (2015–16). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20152016/id2499847/>.
- Koefod, L. & Simonsen, K. (2011). 'The stranger', the city and the nation: on the possibilities of identification and belonging. *European Urban and Regional studies*, 18(4), 343–357. <https://doi.org/10.1177/0969776411399343>.
- McAreavey, R. (2017). *New Immigration destinations: Migrating to rural and peripheral areas*. New York: Routledge.

- McAreavey, R. & Argent, N. (2018). New immigration destinations (NID) unravelling the challenges and opportunities for migrants and for host communities. *Journal of Rural Studies* 64(november), 148–52. DOI: <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.09.006>.
- Merz-Benz, P.-U. & Wagner, G. (red.) (2002). *Der Fremde als Sozialer Typus. Klassische Soziologische Texte zu einem aktuellen Phänomen*. Stuttgart: UVK Verlagsgesellschaft mbH.
- Norberg, P.F. & K.M. Lyngsnes (2008). *Dette er en ny verden for meg: didaktisk arbeid med voksne innvandrere*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Nødland, S.I., Vedøy, G. & Gjerstad, B. (2016). Arbeidsinnvanderfamiliers møter med kommunale tjenester. *Norsk Statsvitenskapelig tidsskrift*, 32(2), 142–164. DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2936-2016-02-03>
- Rogstad, J. (2007). *Demokratisk fellesskap. Politisk inkludering og etnisk mobilisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rye, J.F. (2018). Labour migrants and rural change: The «mobility transformation» of Hitra/Frøya, Norway, 2005–2015, *Journal of Rural Studies*, 64(november), 189–99 DOI: <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2017.12.003>
- Rye, J.F. & Holm, F.E. (2013). Utenlandske arbeidskraft som avviklings- eller opptrappingsstrategi? *Søkelys på arbeidslivet* 30(3), 251–271.
- Stambøl, L. S. (2013). *Bosettings- og flyttemønster blant innvandrere og deres norskfødte barn*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå (2017). Arbeidsinnvandringen fortsetter å falle. <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/artikler-og-publikasjoner/arbeidsinnvandringen-fortsetter-a-falle> [Nedlastet 18.10. 2019].
- Søholt, S. (2016). Innvandrere: Muligheter og barrierer for sysselsetting i regionene. *Plan*, 48(2), 22–27.
- Søholt, S., Tronstad, K.R. & Vestby, G.M. (2015). *Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering*. Oslo: NIBR-rapport 2015:20.
- Søholt, S., Aasland, A., Onsager, K. & Vestby, G.M. (2012). «Derfor blir vi her» – innvandrere i Distrikts-Norge. Oslo: NIBR-rapport 2012:5.
- Thorshaug, K. & Valenta, M. (2011). *Et arbeidsmarked for alle? Innvandreres innpass og stilling på det norske arbeidsmarkedet*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Thorshaug, K., Valenta, M. & Berg, B. (2009). *Arbeidsinnvandring. Konsekvenser for det kommunale apparatet*. Oslo: IMDI.
- Valenta, M. & Strabac, Z. (2011). State assisted integration, but not for all: Norwegian welfare services and labour migration from the new EU member states. *International Social Work*, 54(5), 663–680.
- Vedøy, G., Gjerstad, B., Johannessen, L.L. & Nødland, S.I. (2017). Fri flyt eller god flyt? Barn av arbeidsinnvandrere i norsk skole. *Bedre skole*, nr. 3. 2017. <https://utdanningsforskning.no/artikler/fri-flyt-eller-god-flyt-barn-av-arbeidsinnvandrere-i-norsk-skole/>
- Østby, L. (2016). Innvandrernes demografi. Stadig mest innvandring fra Polen. *Samfunnsspeilet*. 1/2016. <http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/stadig-mest-innvandring-fra-polen>.
- Østby, L. (2017). Arbeidsinnvandrere – fra hovedstadsfenomen til vanlig syn i hele landet. *Samfunnsspeilet* 3/2017. <https://www.ssb.no/befolknign/artikler-og-publikasjoner/arbeidsinnvandrere-fra-hovedstadsfenomen-til-vanlig-syn-i-hele-landet> (publisert 18. september 2017) [Nedlastet 31.10.2019].
- Zúñiga, V. & Rubén Hernández-L. (2005). *New destinations. Mexican Immigration in the United States*. New York: Russel Sage Foundation.